



Bilete frå øving tidlegare i haust

Fredag middag reiste 18 av musikantane i Uskedalen skulemusikk til Karmøy for å delta på Karmøy Brass Festival. På den populære festivalen deltar om lag 365 musikantar frå 20 korps frå Rogaland og Sunnhordland.

På festivalen vert musikantane delt inn i tre aldersgrupper, - yngre enn 11 år, 11-13 år og 14-19 år. Innanfor kvar aldersgruppe vert dei så inndelt i fleire korps. Kvar av desse korpsa får tildelt ein dugande dirigent og øver inn eit konsertprogram. Dette vert framført på avslutningskonserten søndag ettermiddag.

I tillegg til mykje øving er det og stor sosial aktivitet. Det vert arrangert m.a. diskotek, bingo og anna underhaldning. Lørdag ettermiddag er det bading i Karmøyhallen. Seinare på kvelden er det flott festkonsert med Stangaland Brass. Eit av høgdepunkta på festivalen er at deltakarane treffer att musikantar frå andre korps som dei har blitt kjend med tidlegare.

Uskedalen skulemusikk har delteke på denne festivalen dei to føregåande åra og har vore svært så godt fornøgd med opplegget. Dette er blitt noko musikantane gler seg til kvart år. Vi skjønar godt at arrangørane har hatt fleire korps på venteliste dei siste åra.

Reisa til og frå Karmøy går med ekstrabuss saman med Rosendal skulekorps. Det er halvparten så dyrt og dobbelt så kjekt. Frå Uskedalen er fem foreldre med som leiarar på turen. Overnattinga skjer på skule.

Skulemusikken har hatt ein svært god start på sesongen, og er på eit klart høgare nivå enn på same tid i fjor. Anders Christensen er starta på sin andre sesong for korpset. Dei tre fjorårsaspirantane Ingvill E. Myklebust,

Solveig Haugland og Sondre S. Myklebust er no med i korpset for fullt. I tillegg har den dugande tubaisten Håvard S. Eik gjort comeback etter eit par års pause. Er det fleire som kan tenkja seg det same, er det berre å gjera alvor av det. Fleire medlemmer er noko vi alltid treng og blir glade for.



Øving